

# Referat frå styremøte i V.I.L

**Tid: tysdag 17.01.2012 kl 19.30-22.00**

**Stad: Klubbhuset**

Desse møtte: Einar Hoel, Ellisiv Valdal Jarvik, Arvid Frostad, Karianne Vestre Døving, Magne Hoel, Magne Eivind Glomnes.

Forfall: Lars Bjarne Sandnes, Yvonne Dale, Inge Sunde, Kristi L. Stakkestad, Liv Marit Indreeide.

## **Sak 1: Orientering frå gruppene**

**Fotball v/ Ellisiv V. Jarvik:** Har sendt ut påmeldingslappar for å få oversikt over dei ulike årslaga i fotball. Laga skal bestemast i løpet av januar. Keepertreninga har starta.

Kasseraren i fotballgruppa har sagt frå seg oppgåva, og vara har blitt sett inn i staden. På konto har det kome 50.000 kr (truleg frå Sparebanken Møre).

Fotballgruppa skal også snart begynne med sparekorta igjen. Ein skal også sjå nærmare på handelsavtalar med Mini Rimi- kva fordelar får fotballgruppa?

**Langrenn v/ Magne Hoel:** Treningane går sin gang. Det har blitt rydda skog i lysløypa denne veka. Gjerdet er ikkje på plass, og heller ikkje sikringa over elva. Det er også noko småelektrisk som skal på plass før påske.

**Idrettsskulen v/ Karianne V. Døving:** Idrettsskulen kolliderer med skitreninga på tysdagar, og det har ført til svært lite oppmøte der siste tida.

**Div v/ Einar Hoel:** Har meldt på idrettslaget på ”mobilretur”. Om vi får vere med på det, får vi vite i januar. Det vil i så fall gi 35 kr per mobiltelefon vi klarer å få tak i.

Einar har også søkt Sparebanken Møre om å kjøpe hjartestartar til å ha på klubbhuset, og det inkluderer opplæring. Det er ei viktig sak!

På nettsida har det blitt lagt inn litt nytt, men kven som skal halde orden på denne sida heng framleis litt i lufta.

Husnemnda skal no sjå nærmare på dei endringane som er foreslått på klubbhuset, og då særleg kjøkkenet. Dei skal leggje fram arbeidet sitt i mars.

Påminning: Dei ulike gruppene må få gjort idrettsregistreringa innan 31.01.12.

## **Sak 2: Olsok**

Mange i langrennsgruppa er slitne av å arrangere Olsok. Mange hjelper til på sjølve dagen, men det er mykje arbeid som blir lagt ned før den tid. Det hadde vore ein fordel å fordele oppgåvene og ansvaret på fleire. Det vil lette arbeidet for dei i langrennsgruppa, og det kan også vere positivt med nye idear og innspel. Det er lurt å setje saman grupper/komitear av personar med og utan erfaring frå å arrangere Olsok. Det finst ein del skrifteleg materiale, men ikkje alt kan lesast seg fram til.

Dessutan må ein bli einige om ei ”økonomisk fordeling” av inntektene frå Olsok arrangementet. Det bør avklarast på førehand.

Ein må no kome i gang med å finne personar til Hovudkomiteen. Kvar gruppe må stille med ein person inn i Hovudkomiteen. Særleg dei som skal jobbe med program/underhaldning må kome tidleg i gang.

Vedtak: Hovudlaget vil vere med på å arrangere Olsok i 2 år framover. Ein må fordele ansvar og oppgåver. Det er også viktig å bli einige om ei økonomisk fordeling på førehand.

## **Sak 3: Kjøp av utstyr til klubbhuset**

Chandrakumari Veerasingam har begynt som vaskar på klubbhuset, og Yvonne Dale har gitt ho opplæring. Det viser seg at vi treng ny vaskemaskin til å vaske moppar og klutar/handdukar på klubbhuset. Er det greitt å vaske moppar og kjøkkenklutar mm. i same vaskemaskin??? Det må vi sjekke nærmare.

Det er ei kopimaskin/printer som idrettslaget kan få med kommunen. Må sjekke ut litt nærmare, men det er interessant. Einar Hoel har også tinga bord og stolar frå Rådhuset til idrettslaget.

Vedtak: Vi må kjøpe ei ny vaskemaskin. Det er viktig å ha utstyret som trengst. Det øvrige utstyret/møblane må vi sjå nærmare på om idrettslaget treng/vil ha.

## **Sak 4: Kjøp av tidtakarsystem**

Langrennsgruppa har kome med framlegg om innkjøp av elektronisk tidtakarsystem. Det er Emit som leverer slike system.

Det er eit kostbart system, men det er eit system som er vanlege blant andre samanliknbare idrettslag i fylket. Dessutan må ein tenkje framtidsretta og følgje utviklinga.

Det er viktig at fleire får opplæring i å bruke eit slikt system slik at ein ikkje blir avhengig av nokre personar.

Økonomisk fordeling: Dei som har mest nytte av tidtakarsystemet betalar mest. Det er særleg friidrettsgruppa og langrennsgruppa. Hovudlaget vil også betale litt. I tillegg får vi truleg hjelp frå spelemidlar, gåver og sponsorar osv.

Vedtak: Styret vedtek å kjøpe ein grunnpakke som kostar ca 85000 kr. Dessutan treng idrettslaget ei ny startklokke som kostar kring 14000 kr. Til saman blir dette ei investering på ca 100000 kr. Ein tenkjer seg at ein starter med denne grunnpakka, og kan heller supplere med meir etterkvart. Friidrettsgruppa og langrennsgruppa må betale mest, men også Hovudlaget vil vere med å betale litt.

### **Sak 5: Radio Storfjord**

Reklameavtalen med Radio Storfjord kostar 2750 kr per år. Har vi bruk for ein slik avtale? Det vart hevda at ein tener inn igjen kostnaden ved annonsering av Olsok mm. Radio Storfjord kan til dømes også annonserer for nettsida som er oppe og går, og ulike arrangement som V.I.L skal ha.

Vedtak: Idrettslaget skal fornye avtalen med Radio Storfjord, men vi skal bli flinkare til å bruke den meir!

**Eventuelt:** Arbeidet med å ta kontakt med ulike firma om å investere i reklameskilt på stadion bør starte. Det er lurt å begynne litt i det små, og høyre med til dømes ti firma først.